



Lindås kommune
 Kvernhusmyrene 20
 5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 8. 04. 2016	
Ark. saksnr	Løpenr
Saksnr.	Tilgangskode

Dato: 08.04.2016
 Vår ref.: 2016/3845-5
 Saksbehandlar: HANVIE_
 Dykkar ref.:

Fråsegn til ny høyring av reguleringsplan for Nilshøyen, Lindås kommune

Vi viser til brev datert 31.03.2016 om ny høyring av forslag til detaljregulering for Nilshøyen, gnr. 172, brn. 10 og 66 m.fl. Lindås kommune. Hovudføremålet i planen er bustad. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til bustad.

Planframlegget var på høyring i 2012. Hordaland fylkeskommune gav fråsegn til planforslaget i brev av 20.06.2012. I ettertid av offentleg høyring og vedtak i kommunen har ikkje reguleringsplanen blitt retta opp. Kommunen ynskjer no ny handsaming av saka og opnar opp for nye innspel. Hordaland fylkeskommune vurderer no den nye reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 20.04.2013

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: www.hordaland.no.

Vurdering

Areal og transport

Hordaland fylkeskommune er positivt til bustader tett inntil kollektivhaldeplass, skule og barnehage på Seim.

Samferdsel

Vi vekt på at det skal vere trygt for mjuke trafikantar å ferdast i området. Tilkomst til planområdet vi skje ved bruk av eksisterande veg frå Fv 402, og det er ikkje lagt opp til utbetringar av vegkrysset. Området for etablering av nye bustader grenser til fylkesveg og i den samanheng vil «*Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesveger i Region Vest 2013 -2016*» vere retningsgivande

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i planområdet. I samband med varsel om oppstart av planarbeid på Nilshøyden i Lindås kommune varsla Hordaland fylkeskommune kulturhistorisk synfaring i brev datert 11.05.2011. Ved synfaringa vart det ikkje påvist automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi vurderer potensiale for funn av nye automatisk freda kulturminne som lite, men ein kan likevel ikkje utelukke at det kan finnast hittil uregistrerte kulturminne i arealet.

Hordaland fylkeskommune har ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til planforslaget.

Eva Katrine R. Taule
kst. plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga